

Fra: Ragnhild Mildestveit (rmildestveit@gmail.com)

Sendt: 24.05.2018 21:35:14

Til: Elizabeth Warren

Kopi: nmvskre1; Gunn Stavang Skage; Torunn Totland Stangervåg; Lisbeth T Liland

Emne: Re: Søknad om tilskot til verna kulturbygg

Vedlegg:

Hei og takk for tilbakemelding.

Fana Ungdomslag sendte i søknad datert 5.12.2017 om tilskot til verna kulturminne i Hordaland. Søknaden vart sendt inn i god tid før frist og ungdomslaget har følgd dei prosedyrane som var skrivne i rettleiing og søknadsskjema. I tillegg har vi i forkant undersøkt pr. telefon både hjå Bergen kommune og Hordaland fylke korleis omlegginga av søknadsrutinane skulle gjerast. Fyrst søknad til Bergen kommune, som etter det skulle videresende søknaden til Hordaland fylke. Vi har etterspurd svar fleire gonger, både i byrjinga av april (her fekk vi ikkje svar) og no sist 15.mai, der vi fekk tilbakemelding om at Hordaland Fylkeskommune ikkje har fått oversendt søknaden vår frå Bergen kommune. Grunngevinga er at dette er nye rutinar som ikkje er heilt på plass enno og vi blir oppmoda til å søkje i 2019. Samstundes har det likevel vore ei tildeling i politisk møte i Fylkeskommunen i april i år. Vi har vore i god tru og trudd vi var blant søkjarane. Mailen vi sendte i byrjinga april burde gjeve oss svar med melding om at dette ikkje var tilfelle.

Styret i Fana Ungdomslag arbeider hardt for å få restaurert den 112 år gamle Fana Ungdomshall. Vi har lagt ned utallige timar med møter, synfaringer, innhenting av anbod og søknadskrivning, for å berge det gamle huset frå kollaps. Vi har tidlegare hatt godt samarbeid med Hordaland Fylke gjennom vern og vøl midlar, Det er difor vanskeleg å få tilbakemelding om at vi ikkje er tekne med i vurderinga i år, fordi rutinane mellom Bergen kommune og Hordaland ikkje har fungert. Dette kan ikkje leggjast Fana Ungdomslag til last, og vi meiner vi er utsette for ein klår saksbehandlingsfeil. Vi ønskjer difor søknaden vår handsama i politisk utval i Hordaland Fylke. Søknaden vart sendt pr. post til Bergen kommune, og må finnast på postlistene der. Om ikkje kan vi sende en ny.

Å rette opp vegger og leggje nytt tak på eit over 112 år gammalt verneverdig hus er eit enormt økonomisk løft for Fana Ungdomslag, det ville det vore uansett kva friviljug organisasjon som hadde gjeve seg i kast med ei slik oppgåve. Vi har starta dette arbeidet og er avhengige av tilskot og støtte frå ulike kulturinstansar for å gjennomføre rehabiliteringa i tråd med antikvariske prinsipp. Vi ønskjer difor at søknaden vår vert handsama på møte i Hordaland Fylke snarast.

Med venleg helsing
Ragnhild Mildestveit
Leiar i Fana Ungdomslag.

2018-05-16 12:27 GMT+02:00 Elizabeth Warren <Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no>:

Beklagar, men vi har ikkje fått inn søknad frå Bergen kommune. Tildelinga i fylkeskommune var opp til politisk avgjerd i april.

Dette er ei ny ordning og det kan hende at rutinane er ikkje helt komme på plass i alle kommunane. Vi rår til at dere prøver igjen i 2019.

Kopi av dette er sendt til byantikvaren som er den instans i Bergen kommune som handtere slik saker.

Fra: Ragnhild Mildestveit <rmildestveit@gmail.com>

Sendt: 15. mai 2018 23:43

Til: Elizabeth Warren <Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no>

Emne: Re: Søknad om tilskot til verna kulturbygg

Hei.

Fana Ungdomslag søkte 1.jan i år tilskudd til verneverdige kulturbygg. Søknaden ble sendt til Bergen kommune, og etter det vi forsto skulle kommunen saksbehandle søknaden og så videresende til Hordaland Fylkeskommune. Siden det er gått lang tid er vi usikre på hvor saken/søknaden vår står og om vi er vurdert for tilskudd.

Med vennlig hilsen

Ragnhild Mildestveit

leder i Fana Ungdomslag

6. april 2018 kl. 09:17 skrev Ragnhild Mildestveit <rmildestveit@gmail.com>:

God morgen.

Fana Ungdomslag har søkt tilskuddt til rehabiliterng av Fana Ungdomshall innen søknadsfristen 1. jan. 2018.

Er det lenge til det faller en avgjørelse på søknaden vår.

Med vennlig hilsen

Ragnhild Mildestveit